

Strategisk plan 2026–2030

Hardanger og Voss museum

Vedteken av styret 27.11.2025



Innhald

Verdiar og visjon	3
Situasjonsanalyse.....	3
Situasjonen i regionen.....	3
Styrker	3
Utfordringar	4
Moglegheiter	4
Truslar	4
Overordna mål i planperioden, slik vil me ha det	5
Hovudmål: Solid kunnskapsproduksjon	5
Målomtale og venta resultat	5
Planlagd aktivitet.....	6
Hovudmål: Trygg ivaretaking	6
Målomtale og venta resultat	6
Planlagd aktivitet.....	7
Hovudmål: Heilskapleg samlingsutvikling.....	7
Målomtale og venta resultat	7
Planlagd aktivitet.....	8
Hovudmål: Relevant formidling.....	8
Målomtale og venta resultat	8
Planlagd aktivitet.....	9
Hovudmål: Fartøyvern	9
Målomtale og venta resultat	9
Planlagd aktivitet.....	10
Hovudmål: Aktiv samhandling	10
Målomtale og venta resultat	10
Planlagd aktivitet.....	11
Nye tiltak.....	11
Fagstilling landbrukshistorie, Agatunet	11
Forskingskoordinator	12
Frivilligkoordinator.....	13

Verdiar og visjon

Verdiar

Truverdig: Formidling, forvaltning, rådgjeving, restaurering osv. er basert på kunnskap.

Raus: Me deler kunnskap med kvarandre i organisasjonen og med omverda.

Engasjert: Me er engasjert i faga våre, i arbeidsplassen, i lokalsamfunnet. Me vil få til noko som betyr noko for oss sjølve og andre. Me utfordrar etablerte sanningar og er nyskapande.

Visjon: Gode opplevingar å bryne seg på.

HVM har aktivitet og ansvar på mange fagfelt, og skal vera ein leiande og synleg aktør på følgjande tema der HVM skal vera ein «spydspiss»:

1. Immateriell kulturarv (levande kulturarv), med vekt på handverk, båtbruk, drakt, folkemusikk og –dans.
2. Landbrukshistorie og kulturlandskap.
3. Maritim historie og kystkultur.
4. Formidling.
5. Samtidskunst.

Situasjonsanalyse

Situasjonen i regionen

Vestland fylkeskommune vurderer at det er grunnlag for å sjå nærare på konsolidering innan museumsfeltet, spesielt knytt til dei kulturhistoriske musea i Bergen og mindre museum og senter i Hardanger og Sunnhordland.

Samordning av bygningsvernkonsulentane i Vestland er eit ynskje frå fylkeskommunen. Dei har utfordra musea til å ta rolla som koordinator.

Styrker

- HVM har sterk fagkompetanse på eit breitt felt innan museum, kunst og kulturmiljø.
- HVM har gode samlingar av gjenstandar, bygningar og arkiv som i høg grad er tekne godt vare på.
- HVM har nasjonalt og regionalt høg kompetanse på tradisjonshandverk, fartøyvern og bygningsvern.
- HVM lyfter seg når det gjeld forskning og fagutvikling.

- HVM er regional læringsarena for vidareutdanning i bygningsvern og fartøyvern, i regi av Fagskulen Vestland og NTNU.
- HVM er god på digital formidling og har mange følgjarar på sosiale medium.

Utfordringar

- Drifta til HVM er ikkje fullfinansiert med driftstilskot. Søknadsmidlar til prosjekt er naudsynt, men vil ta midlar frå drifta.
- Hovudbygning på Hardanger folkemuseum treng oppgradering i høve enøk m.m.
- Samlingsforvalting, betre struktur og rutinar
- Magasinplass: Fleire lager er leigd.
- Treng betre rutinar for å koordinera søknadsarbeid
- “Mathilde”: Utfordringar med å skaffa fast kvalifisert mannskap. Utfordringar med å selja turar ut over leirskule. Potensial for å bruka “Mathilde” meir som arena for opplæring av mannskap.
- Restaurering av bilferja “Folgefonn” treng større ressursar i form av arbeidsinnsats og midlar til restaurering.
- Industri-eigedomen (Socon) i Norheimsund er aktuell å kjøpa som utviklingsareal for Hardanger og Voss museum. Her trengs utvikling og finansiering.
- I høve mogleg konsolidering, ytterlegare digitalisering og andre overordna stabsoppgåver vil det framover vera behov for auka kapasitet og ny/annan kompetanse.
- Utdatert nettsideløysing som ikkje er universelt utforma, ikkje tilpassa morgondagens behov og lite brukarorientert.

Moglegheiter

- Museum, kulturarv, kulturminnevern, historie, musikk og kunst har appell til mange. Gir håp om høgare besøkstal og betre økonomi i publikumstilbod.
- HVM har god erfaring med kurs og aktivitetar som fenger mange.
- Fleire nasjonale og regionale satsingsområde på våre fagfelt.
- Konsolidering kan gje større fagmiljø og gjera HVM meir robust når det gjeld personale og økonomi.
- Aukande turisme i Hardanger og Voss. Potensiale for å profilera Hardanger og Voss museum.

Truslar

- Omstilling til større organisasjon er ressurskrevjande (konsolidering)

- Kan blir meir krevjande å få kvalifiserte tilsette
- Lågare tilskot frå det offentlege er ein trussel i skiftande tider.

Overordna mål i planperioden, slik vil me ha det

- A. Ein robust økonomi og me leverer gode tenester internt og eksternt.
- B. Fagleg tilsette i HVM har høve til å arbeide deler av året med fagleg fordjuping og utvikling innan tema som er relevante for HVM sine kunnskapsbehov.
- C. HVM skal kjenna brukarane sine godt gjennom publikumsundersøkingar.
- D. HVM sine arenaer og tilbod har ein høg grad av universell tilgjenge.
- E. Lite etterslep på dokumentasjon av samlingar (gjenstandar, foto, arkiv, bøker, bygningar, fartøy) og fleire tilsette har kompetanse på dette. Magasin er ryddige og avtaler gjer det mogleg å driva aktiv samlingsutvikling.
- F. Forvaltning av tradisjonsfag og levande (immateriell) kulturarv skjer etter «beste praksis».
- G. Sterk lokal tilknyting gjennom avdelingane og ei god samhandling med lokalmiljø, frivillige, kommunar m.m.
- H. HVM er ein engasjert og tydeleg aktør på kunst-feltet i regionen
- I. HVM har gode formidlingsmetodar.
- J. HVM har eit godt koordinert informasjons- og marknadsarbeid som bidreg til at HVM er godt kjend og har eit besøkstal på over 70 000.
- K. Dei faglege ressursgruppene skal fungera godt. Kunnskapsfeltet og avdelingane i HVM fungerer godt i lag og samarbeider bra på tvers.
- L. HVM sine formidlingsarenaer skal vera tilgjengeleg for alle, uavhengig av bakgrunn og økonomi.
- M. HVM skal forska og publisera fagrelatert materiale.
- N. HVM skal samarbeida med andre aktørar innan relevante fagfelt
- O. HVM skal bidra til å koordinera bygningsvernkonsulentane i Vestland.

Hovudmål: Solid kunnskapsproduksjon

Tittel på mål: Forsking og kunnskapsutvikling

Målomtale og venta resultat

Overordna mål:

Hardanger og Voss museum skal vera ei tydleg og synleg kunnskapsverksemd lokalt, regionalt og nasjonalt.

Fleire tilsette i HVM høve til å arbeide deler av året med fagleg fordjuping og utvikling innan tema som er relevante for HVM sine kunnskapsbehov.

HVM skal forska og publisera fagrelatert materiale.

HVM skal samarbeida med andre aktørar innan relevante fagfelt

Resultat:

Forskingsskoordinatorfunksjon er finansiert og fast etablert. Etablert intern struktur for vurdering og godkjenning av forskingsprosjekt ut frå HVM sin forskingsplan. Intern tekstvurdering og rettleiing vert gjennomført.

Fleire medarbeidarar har etterutdanning for museumstilsette på UiB i å skrive forskingsartiklar (fagfellelevurderte).

Fleire i HVM har konservatorgodkjenning.

Planlagd aktivitet

Forskningsplanen vert revidert årleg.

Publisering av fagartiklar og bøker knytt til pågåande forskning

Arrangere fire fagdagar pr år.

Forskningsrelaterte foredrag eksternt.

Side om forskning på nettstaden til HVM, med mål om å fortelje at HVM driv med forskning og på kva område det skjer. Synleggjort dei tilsette sin kompetanse på nettstaden.

Stipend til interne (t.d. tilsette i deltidsstilling eller til avdelinga som dekkar medarbeidar sin deltaking på forskningskurs).

Arrangera forskingsseminar der me kan presentera eiga forskning.

Hovudmål: Trygg ivaretaking

Tittel på mål: Samlingsforvaltning og forvaltning av levande (immateriell) kulturarv

Målomtale og venta resultat

Overordna mål:

80 % av samlingane, unnateke foto, er dokumentert. Gjenstandar er dokumentert og publisert

35 % av fotosamlinga er dokumentert.

Oversikt over privatarkivmaterialet ved HVM og arkivløysing.

Har god kontroll på oppbevaring av gjenstandar. Har kartlagt magasin- og lagerbehov.

Plan for forvaltning av historiske bygningar og fartøy med vedlikehaldsprioriteringar og vurderingar av bruk og verdi, også med tanke på eventuell avhending.

Eigne fartøy har god forvaltning gjennom ulike driftsformer.

Levande (immateriell) kulturarv:

Modellen vår for forvaltning av levande (immateriell) kulturarv er utvikla vidare

Det skjer aktiv samlingsforvaltning knytt til dei handverksfaga som HVM forvaltar (sjå gjenstandane i samanheng med handverka)

Etablert skautfelling som handverksfag

To fagpersonar og lærling på dei små faga (reipslagar prioritert)

«Mathilde»: Driftsopplegg bygger opp under strategiar om kunnskapsforvaltning

HVM er ein tydlegare aktør på bygningsvern, auka kompetanseutveksling mellom avdelingane. Årleg seminar.

Planlagd aktivitet

Primus: Fleire lisensar og fleire kompetente brukarar (min. 3: Voss, Utne/Aga og Nhs/Ø.).

Tatt i bruk FDV-program FamacWeb på relevante anlegg.

Gjenstandar som er samla inn for fartøyvernføre mål vert innlemma i samlingane på lik linje med andre gjenstandar

Side om samlingsforvaltning på nettstaden til HVM.

Hovudmål: Heilskapleg samlingsutvikling

Tittel på mål: Samlingsutvikling

Målomtale og venta resultat

Samarbeidsavtaler og vedtekter gjer HVM i stand til å drive aktiv samlingsutvikling

Forvaltingsplan for historiske bygningar og fartøy med vedlikeholdsprioriteringar og vurderingar av bruk og verdi, også med tanke på eventuell avhending

Planlagd aktivitet

Utarbeida ny samlingsplan, m.a. med tema: oversikt over magasin- og lagerkapasitet og –behov, privatarkiv (oversikt og løysing), forvaltningsplan for bygningar og fartøy, Plan for digitalisering og innsamlingsplan

Ryddde i alle magasin ved hjelp av ReOrg-metoden.

Utarbeida ein oversikt over magasin- og lagerkapasitet og –behov

Ressursgruppa for samlingsforvaltning tek opp tema frå inntakskomitear.

Hovudmål: Relevant formidling

Tittel på mål: Formidling generelt og kunstfeltet (Kabuso)

Målomtale og venta resultat

Overordna mål:

HVM skal vera tilgjengeleg for alle, og i dialog med eit breitt og mangfaldig publikum.

Born og unge skal få møta kunst og kulturarv gjennom museum

Sterke band til lokalsamfunn

Generell auke av besøkstal ved å nå ut til nye grupper, og at me får publikum til å koma tilbake fleire gonger

Vera ein synleg og leiande aktør på området formidling.

Kursverksemd innan tradisjonsfaga og kunst som gjer at HVM si forskning og kunnskapsutvikling på levande kulturarv, skal koma folk til gode.

Kunsthuset Kabuso er ein engasjert og tydeleg aktør innan kunst og musikk som er godt forankra i regionen.

Aktualisera Ingebrigt Vik sin kunstnarskap.

Resultat:

HVM kjenner publikum og brukarane sine godt.

HVM si formidling er basert på overordna faglege strategiar og solid kunnskapsproduksjon.

Formidlarane i første linje står fram som trygge og kunnskapsrike.

Formidlinga når mange grupper, eit breitt utval av befolkninga.

Formidlinga er knytt til måla om berekraftig utvikling og skjer i samhandling med frivillig sektor.

Fleire av formidlingstilboda er universelt utforma.

Planlagd aktivitet

Opningstidene lett tilgjengelege på alle plattformer.

Vera helgeope store delar av året.

Ved Hardanger folkemuseum sitt publikumsbygg skal me i gang med arbeid m.a. for betre tilgjenge og publikumsflyt og utvikle ny basisutstilling.

Hovudmål: Fartøyvern

Tittel på mål: Nasjonalt fartøyvernssenter

Målomtale og venta resultat

Som nasjonalt fartøyvernssenter skal HFS utvikla teoretisk og praktisk kunnskap som er naudsynt for å ta vare på, forvalte, tolke, forstå og restaurere historiske fartøy. HFS er viktig samarbeidspartnar med kulturmiljøforvalting, med fartøyeigarar, verft og båtbyggjeri og andre aktørar på fartøyvernfeltet. HFS skal i lag med dei andre nasjonale fartøyvernssentra vera nav for kunnskap.

Mål:

1. HFS skal vera ein nasjonalt leiande institusjon og premissleverandør på fartøyvernfeltet, utvikle kunnskap og levere tenester som er relevante og av høg kvalitet.
2. HFS skal levera gode prosjekt og ha høg aktivitet knytt til fagutvikling i fartøyvernet, og slik vera ein ettertrakta samarbeidspartnar.
3. HFS skal bidra med kurs og seminar til fartøyvernfeltet.
4. HFS skal oppretthalda handverksfag og kompetanse knytt til dokumentasjon og rådgjeving.
5. HFS skal ha eit høgt fagleg nivå på dokumentasjonsarbeid og bidra til å utvikle fagfeltet.

6. HFS skal ha trygg opplagsplass tilgjengeleg for nødhamn, med forsvarleg tilsyn og rutinar.
7. HFS skal ha kapasitet og fasilitetar til å kunne ta imot, lagre og distribuere deler og utstyr som er i tråd med føremålet med «delelagertenesta»

Planlagd aktivitet

Utvikla vidare fagskule-tilbodet i fartøyvern (vidaretudanning).

Utvikla formidlingsopplegg knytt til vidaregåande skule.

Auke kompetanse og kapasitet når det gjeld reparasjon og syng av tradisjonelle segl.

Fullføra planen for bruk av areal og lokale.

Hovudmål: Aktiv samhandling

Tittel på mål: Samhandling med andre i kultursektoren, utdanning og frivillig sektor

Målomtale og venta resultat

HVM har forpliktande samarbeid og samhandling med mange. Samarbeidet med Ole Bull Akademiet om hardingfela.no er viktig. Hardanger folkemusikksamling om folkemusikkarkivet likeså. I seinare år har vi samarbeidd med Nordmørsmusea om å få Brunsviken reperbane i funksjon, noko som har kome langt. Bergen Nasjonale veteranbåthavn, i lag med Museum Vest, Bymuseet, Bergen kystkultursenter m.fl. HVM har spelt ei sentral rolle i etableringa av ein forskingsinfrastruktur for musea i Vestland, og me ynskjer framleis å vera ei positiv kraft i dette samarbeidet.

I Hardanger har HVM vore med i prosjektgruppe etablert av NIBIO med mål om å etablere nasjonalt frukt- og sidersenter.

På frivillig sektor samarbeider HVM m.a. med venelag og eigarstyre knytt til fleire av formidlingsarenaene. HVM samarbeider med m.a. bygdekvinnelag i høve drakttradisjon, med venelag knytt til M/Y «Faun» og eit førebels mindre organisert venelag knytt til M/K Vikingen. Men me ser behovet for å utvikle frivilligstrategien. Ein ser eit generasjonsskifte der det vert ei endring i korleis dei frivillige prioriterer tida og ressursane sine. Grad av forplikting vert lågare, medan engasjementet for ein avgrensa innsats kan vera stor.

Resultat:

Sterk lokal tilknytning og forankring på dei stadene HVM har sine formidlingsarenaer

Godt samarbeid med frivillige, høg kvalitet på samarbeid og deltaking i aktivitetar knytt til museumsavdelingane.

Aktiv samhandling med dei profesjonelle fagfelte våre

Planlagd aktivitet

Tilsette frivilligkoordinator

Utvikle frivilligstrategi

Nye tiltak

HVM si verksemd støttar opp under nasjonale mål for museumssektoren om å vere ein relevant samfunnsaktør, ein kunnskapsbasert forvaltar av kulturarven og ein inkluderande arena for deltaking.

Dei tre stillingane det vert søkt støtte til om, er strategisk valde for å styrka HVM si evne til å oppfylle desse måla. Stillingane er retta inn mot tre sentrale dimensjonar av nasjonal museumspolitikkk som kan styrka demokrati og beredskap:

1. Kunnskap og forskning, å formidla truverdige kunnskap
2. Forvaltning og formidling av kulturarv på ein berekraftig måte
3. Deltaking, samhandling og samskaping med frivillige og lokalsamfunn, gjennom å bruka arenaene til inkluderande aktivitetar

Gjennom desse tiltaka vil HVM ikkje berre styrka eigen kapasitet, men òg bidra til utvikling av musea i Vestland og den nasjonale museumssektoren.

Fagstilling landbrukshistorie, Agatunet

Eit sentralt mål i *Meld. St. 23 (2020–2021)* er at musea skal bidra til å styrka forståinga av korleis menneske og natur verkar saman over tid, og bidra til berekraftig utvikling gjennom formidling av kunnskap om ressursbruk og landskap.

HVM ynskjer med tiltaket å styrka kunnskapsutvikling, forskning og formidling innan landbrukshistorie og kulturlandskap. Ei fagstilling vil sikra systematisk dokumentasjon og tolking av dei unike kulturmiljøa museet forvaltar, særleg Agatunet, Mølstertunet, Nesheimtunet, Oppheim gamle prestegard og fruktstien ved Hardanger folkemuseum. Desse miljøa ligg i landskap i rask endring, samstundes som museet manglar dedikert kompetanse til å setje utviklinga inn i ein større historisk-, samfunns- og

berekraftssamanheng. Tiltaket vil også styrka arbeidet med Nasjonalt utvald kulturlandskap og kople museet sterkare på nasjonal kulturmiljøpolitikk. Berørte grupper er lokale næringsaktørar, fagmiljø som t.d. NIBIO, skuleelevar, studentar og publikum som får betre og meir relevant formidling, samt det nasjonale museumsnettverket som får ein fagleg ressurs innan landbruks- og kulturlandskapsdokumentasjon. Tiltaket vil gjera HVM betre rusta til å møte nasjonale mål om berekraft og kunnskapsbasert forvaltning.

Ei fagstilling innan landbrukshistorie ved HVM, vil ha ansvar for forskning, dokumentasjon og formidling av historie knytt til kulturmiljø og kulturlandskap som museet forvaltar. Ressursane vil dekkja lønsmidlar, feltarbeid, innsamling og systematisering av kunnskap, samt utvikling av formidlingsopplegg knytt til kulturlandskap og berekraft. Stillinga vil òg arbeide med å styrka Agatunet si rolle i Nasjonalt utvald kulturlandskap, utvikle samarbeid med fagmiljø som NIBIO og museumsnettverket, og sikre fagleg grunnlag for nye publikasjonar, utstillingar og undervisningsaktivitetar. Slik blir midlane eit direkte bidrag til langsiktig kompetansebygging og kunnskapsbasert forvaltning, samstundes som det vil styrka den heilskaplege forvaltinga av Agatunet og dei andre autentiske museumstuna.

Ei fagstilling innan landbrukshistorie ved Agatunet vil gjere HVM i stand til å oppfylle nasjonale kultur- og museumspolitiske mål om berekraft, kunnskapsutvikling og formidling av kulturmiljø, og vil styrka Hardanger og Voss som eit nasjonalt fyrtårn for landbrukskulturarv.

Forslingskoordinator

Meld. St. 23 (2020–2021) understrekar at forskning er eit kjerneområde for musea, og at institusjonane skal vera aktive kunnskapsprodusentar. Særleg er det eit behov for systematisk forskingsleing og samarbeid på tvers av museum og fagfelt.

HVM har gjennom prosjektet Forslingsinfrastruktur for musea i Vestland (FMV) saman med Museum Vest og Musea i Sogn og Fjordane, dokumentert at ein koordinerande funksjon gir konkret auke i forskingsaktivitet, fagleg kvalitet og samarbeidsevne.

For å føra vidare og bygga på denne effekten treng museet ei permanent forskingskoordinatorstilling. Stillinga vil styrka HVM si rolle som aktiv kunnskapsinstitusjon i regionen, og bidra til oppfylling av nasjonale mål om forskning, samarbeid og kompetansebygging i museumssektoren.

Stillingsdelen (70 %) sikrar struktur og støtte for dei tilsette, men òg direkte forskning (30 %), som samsvarer med prinsippet om at forskning skal integrerast i museumspraksis, ikkje ligge utanfor den.

Koordinatoren vil vera bindeledd til nasjonale museumsnettverk, universitets- og høgskulesektoren.

Ei forskingskoordinatorstilling vil sikre at HVM kan ta aktiv del i den nasjonale satsinga på forskingsbasert museumsutvikling, og dermed styrka både eigen, og sektoren sin kunnskapsproduksjon.

Frivilligkoordinator

Meld. St. 23 (2020–2021) løftar fram deltaking og samhandling som sentrale mål for musea. Musea skal vere opne og relevante for fleire, og bidra til demokrati og fellesskap gjennom deltaking.

Ein frivilligkoordinator vil leggje til rette for at frivillig innsats vert ivaretatt i tråd med profesjonelle standardar, tryggleik, opplæring og inkludering. Dette er naudsynt både for å sikra samlingane og for å oppfylle museet sitt samfunnsoppdrag som inkluderande arena.

HVM har mange anlegg og fartøy som krev særskilt omsyn. Koordinert frivillig innsats er difor også eit vernetiltak.

Ei slik stilling kan òg bidra til folkehelsemål, og mål om livslang læring, då deltaking i frivillig kulturarbeid har dokumenterte sosiale og helsemessige vinstar. Då kan me bidra til å styrka sivilsamfunnet si deltaking i kultursektoren.

HVM har ein omfattande erfaring og aktivitet knytt til levande (immateriell) kulturarv. Gjennom å koordinere det frivillige engasjementet betre, vil den levande kulturarven bli ein større ressurs for å bygga identitet, på tvers av alder, kjønn, etnisitet. Ein slik funksjon vil styrka HVM si rolle som inkluderande samfunnsaktør og sikra kvalitet, tryggleik og fagleg forankring i frivillig deltaking, i tråd med nasjonale mål om deltaking, demokrati og medverknad i kulturarven.